

Ordet fritt

– I mer enn ti år har folk på Stamnes bedt politikerne gjøre noe. Nå har mange resignert. Vekslede formannskap og kommunestyre har forsøkt å få eieren til å rydde opp. Det har vi ikke klart.

VARAORDFØRER SIGMUND SIMMENES (SP) I VAKSDAL, TIL BT OM GAMLE SKIP, BILAR OG SKRAP PÅ STAMNES

Jeg løper mye med vogna. Da skyver jeg den foran meg, og det er noe vi har stort utbytte av både Ferdinand og jeg.

MELLOMDISTANSELØPER INGVIll MÅKESTAD BOVIM (32) TIL NRK, OM TRENINGSSOPPLEGG FØR COMBACK ETTER SKADE OG GRAVIDITET



KREV NYNORSK: Alf Jansen i Voss Mållag krev grunnlova på nynorsk. – Ivar Aasen brukte alt som 22-åring, i 1836, Grunnlova og dei rettane denne gav ålmenta, då han formulerte sitt program for det nynorske skriftspråket, skriv han. ARKIVFOTO: VIDAR HERRE

Språk er demokrati

ORDET FRITT. Tysdag 6. mai skal Stortinget røyta over ymse endringar i Grunnlova. Eitt av framlegga gjeld språkforma. I førre stortingsperiode røyta 152 av 169 representantar for modernisering av grunnlovsspråket. No kan eit mindretal blokkera endringa. Men mindretalet er knapt, og partia stiller representantane sine fritt. Aktiv påverknad på einskildrepresentantar kan sikra at vi 17. mai 2014 kan feira ei lov som er skriven slik at alle kan forstå teksten, og ha eit eigeforhold til han: Altså moderne bokmål og nynorsk, ja gjerne samisk med! I dag, 29. april, kjem innstillinga frå Kontroll- og konstitusjonskomiteen. Michael Tetzschner (H) er redd for at språkending endrar innhaldet, noko kunnige juristar er usamde i. Abid Q. Raja (V) me-

ner Grunnlova først og fremst er eit kulturhistorisk dokument frå 1800-talet. Krf er prinsippielt imot å røra språket. Det siste minner mest om kona som protesterte mot den nye salmeboka: Ho ville ha salmane på det målet Jesus snakka, altså dansk.

GRUNNLOVA AV 1814 vart skrivne i dåtidens språk. Rettskrivinga i den noverande lova er bokmål frå 1903. Det ligg milelangt frå dagens bokmål, for ikkje å snakka om nynorsk. Ivar Aasen brukte alt som 22-åring, i 1836, Grunnlova og dei rettane denne gav ålmenta, då han formulerte sitt program for det nynorske skriftspråket. Språk er demokrati. Først når folket kan lesa og forstå det som «skrive stend», og sjøl uttrykka seg på eit

mål som dei kjenner seg heime i, kan meiningsfullt ordskifte finna stad. Først då er vi myndige borgarar i eige land.

Stortinget vedtok i 1885, med stort fleirtal, at dei to norske skriftspråka – bokmål og nynorsk – skulle vera jamstilte. I Grunnlova er tre firedeler av vedtaka endra etter 1814. Dei som vedtok Grunnlova ville at lovteksten skulle oppdaterast i pakt med samfunnsutviklinga. Å modernisera språket i lovteksten er altså i samsvar med ideane frå 1814. Spørsmålet som stortingsrepresentantane i dag må stilla seg, er om Grunnlova berre er eit kulturhistorisk dokument? Skal den vera forståeleg berre for fagkunnige juristar, og knapt nok det? Eller skal Grunnlova faktisk vera tilgjengeleg for folk flest, og dermed danna grunnlag

for opplyst debatt og forståing av statsskikk, rettstryggleik og demokratiske borgarrettar?

MANGE HAR gjerne trudd at lova no kom i moderne språkdrakt, sidan eit overveldande fleirtal i førre Storting gjekk inn for det. Men signala frå Kontroll- og konstitusjonskomiteen er urovekkande. Voss mållag ber våre 250 medlemmer, ja, gjerne alle samfunnsengasjerte vossingar, om å ta initiativ overfor lokale parti og organisasjonar, og gjerne også som einskildpersonar spela inn eit eintydig rettferdskrav til Stortinget: Ved 200-årsjubileet må Grunnlova koma på nynorsk!

ALF JANSEN,
LEIAR I VOSS MÅLLAG

Sett & frett

■ – Voss Energi sitt nye system med å belasta 39 kroner for å senda ut rekningar, er heilt bak mål, synest ein pensjonist som

kontaktar avisa. Han reagerer kraftig på innhaldet i artikkelen i Hordaland laurdag der Voss Energi grunnjev endringa med at dei ynskjer abonnentane over på papirlause fakturaer. – At dei

skal ta ekstra for å senda faktura til deg som konsument, er hol i hovudet. Dette går ut over dei eldre, og ein føler at folk over 60 står i vegen for all utvikling. Eldre menneske reagerer over at dette skjer

i ei verksemd som er 100 prosent eigd av Voss kommune, seier innringjaren til Hordaland.

Siste innspurt!

ORDET FRITT. Hausten 2013 fekk Voss kommune fem millionar i ekstraordinært tilskot til byggjing av nytt symjeanlegg. Av 20 kommunar som søkte var me ein av dei 3 kommunane som gjekk igjennom nålauga til Kulturdepartementet og Norges Svømmeforbund. Eit av krava for å behalda desse pengane er at kommunen må gjera vedtak våren 2014 om at det skal byggjast nytt symjeanlegg på Voss.

Våren 2014 er her alle-reie! Voss Idrettslag med Symjegruppa i bresjen har sidan desember hatt ein innsamlingsaksjon til det nye symjeanlegget. Målet er 20 millionar, inkludert det ekstraordinære tilskotet. Me har til no samla inn over 15 millionar kroner. Familiar, enkeltpersonar, ung og gamal, små og store bedrifter, lag og organisasjonar har gjeve si støtte til Vossabadet. Det er ei massiv oppslutnad frå lokalbefolkninga, utflytta vossingar, hytteeigarar og tilreisande: Voss treng eit nytt symjeanlegg no!!! Me har aldri vore nærare.

Alle er einige om at me treng nytt symjeanlegg. Det finst nesten berre positive argument. Bassenget me har i dag er gammalt og har dårleg kapasitet. Borna på Voss treng symjeopplæring. Vossingane treng å trimma i eit basseng. Eit symjeanlegg på Vangen skaper liv og røre og auka aktivitet. Folkehelse i kvar dråpe!

Er du ein av dei som ynskjer å støtta Vossabadet? No er det siste innspurt! Me kan ikkje la denne sjansen gå frå oss. Det er fortsatt moglegheit å gje gåvebrev på www.vossabadet.no eller ta kontakt med oss i innsamlingsnemda. Gåvebrevet kan du få att i rabattar i løpet av dei 3 fyrste driftsåra. Og hugs, du skal ikkje betala noko før det er vedteke at Voss skal byggja nytt symjeanlegg. Og det håpar eg vert snart!!

GUNNVOR LOVEN, LEIAR I SYMJEGRUPPA VOSS IDROTTSLAG

Hordaland

Grunnlagt 1883
Redaktør: Elin Madsen, em@avisa-hordaland.no
www.avisa-hordaland.no

SEI DI MEINING I HORDALAND

Me vil svært gjerne at du skriv til denne spalta! Men skriv kort og under fullt namn. Redaksjonen tek seg rett til å korta ned lange innlegg. Bruk gjerne e-post: redaksjon@avisa-hordaland.no
Faks: 56 53 03 30. Post: Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss.
Avfotografering av stoff og lysingar for vidare produksjon, er ikkje tillate utan etter avtale med Hordaland.

pressens faglige utvalg
PFU

Hordaland arbeider etter «Vær Varsomplakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein fyrst tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utvalg (PFU), E-post: pfu@presse.no